

## HØYRINGSUTTALE TIL **UTVIKLINGSPLAN** FOR HELSE FONNA HF

Frå Helseleiarnettverket på Haugalandet

Våre kommunar ligg under Helse Fonna med Haugesund sjukehus som lokal sjukehus. Kommunane har eit godt samarbeid med Helse Fonna og har tatt inn over seg nasjonale prioriteringar og freistar å planlegge for helse- og omsorgstenester i tråd med dette.

Når utviklingsplan for Helse Fonna planlegg fleire utgreiingar utan å bli lagt i seng og meir behandling lokalt der pasienten bur, er det urovekkande. Det betyr at meir behandling skal skje i kommunane og fare for nye re innleggingar. Det har skjedd endringar dei siste åra i høve meir behandling i kommunane som gjer det utfordrande å skaffa nok kompetanse til kommunen. Kommunane og spesielt små kommunar slit med å rekruttere fastlegar og anna helsepersonell med rett kompetanse, og med stadig meir oppgåver blir framtidsbilde utfordrande.

Nettverket på Haugalandet har eit ynskje om meir ambulante team ut i distrikta. Dette gjeld særleg for dei kommunane som ligg langt vekk frå føretaket. Ved spesialisert behandling i kommunane må Helse Fonna vera viljug til å reise lengre for opplæring og oppfølging av pasientar.

Samarbeidsavtalane er det lagt opp til gjensidig hospitering, og fleire kommunar i nettverket på Haugalandet ser at det er vanskeleg å få tilsette frå Helse Fonna til å hospitere ut til kommunane. For å kunne ha ei gjensidig forståing for aktuelle problemstillingar er det nyttig at flyten går begge vegar.

Det vises til auka digitalisering og ny teknologi og føretaket vil ligga i front av utviklinga. Nettverket seier seg samd med at det må bli enda meir fokus på teknologi og digitalisering. For å sleppe lang reiseveg til sjukehus er det viktig at ein nyttar ny teknologi mellom føretak og lege/pasient sikrar pasientar unødvendig reise.

Spesialiserte behandlingar som kommunane har problem med å kunne tilby grunna kompetanse/personell, må Helse Fonna ha tett dialog med kommunane for å finne gode felles- løysingar som er til det beste for pasienten.

Nettverket ser utfordringar i samspelet mellom fastlegar og føretaket. Det må arbeidast meir med både tilvisingar frå fastlegane inn til føretaket og epikrisar ut til kommunane.